



DET KONGELEGE
ARBEIDSDEPARTEMENT

Prop. 198 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i forskotteringsloven, folketrygdloven og arbeidsmiljøloven (samleproposisjon hausten 2013)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 4. oktober 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeidsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i:

- Lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringsloven)
- Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)

Endringane i forskotteringslova har samband med budsjettframlegget for 2014 og inneber at forskottet vert auka for mottakarar med inntekt under 235 101 kroner og med barn som har fylt 11 år. Tillegget skal svare til ein tredel av normalsatsen for forskott for kvart slikt barn, dvs. 4 240 kroner per år (satsane frå 1. juli 2013). Det vert også foreslått ei presisering av inntektsgrensa for bortfall av forskott og reglane om forskott til barn som bur for seg sjølve. Sjå punkt 2.

Endringane i folketrygdlova gjeld:

- Presisering av at norske statsborgarar som er tilsette i ein internasjonal organisasjon i Noreg ikkje skal vere med i folketrygda når grunnla-

get for dette følgjer av ein folkerettsleg overenskomst som gjeld for Noreg. Slikt grunnlag vil særleg vere at dei har immunitet med omsyn til trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift til folketrygda. Sjå punkt 3.

- Oppheving av ordninga med brukarkontaktar for einsleg mor eller far. Etter at Arbeids- og velferdsetaten blei oppretta er det ikkje lenger bruk for slike brukarkontaktar, og ordninga vert difor oppheva. Sjå punkt 4.
- Som følgje av omlegging av skattereglane for overgangsstonaden, vert nivået på stonaden auka til 2,36 gongar grunnbeløpet, på same tid som reglane om avkorting av overgangsstonaden endrast slik at stonaden vert redusert med 47,2 prosent av inntekt over halvparten av grunnbeløpet. Sjå punkt 5.

Endringa i arbeidsmiljølova inneber oppheving av plikta for arbeidsgjevar til å sende inn melding til det lokale arbeidstilsynet når arbeidsmiljøutval er oppretta. Det er få verksemder som følgjer opp denne plikta, og Arbeidstilsynet gjer heller ikkje bruk av desse opplysningane når dei vert innmeldte. Den ordinære tilsynsverksemnda er nok. Sjå punkt 6.

2 Auka bidragsforskott for mottakarar med låg inntekt og barn over 11 år – forskotteringslova § 5

2.1 Gjeldande rett – bakgrunn

Barn under 18 år som ikkje bur saman med begge foreldra, har rett til bidragsforskott etter reglane i lov 17. februar 1989 nr. 2. Forskotteringa skal sikre at barn busette i Noreg får eit visst beløp til underhald i saker der foreldra ikkje bur saman. Forskottet er subsidiært i høve til barnebidrag frå den bidragspliktige. Staten skal ha refusjon i bidrag frå bidragspliktige, og forskottet vert berre utbetalt når bidraget er lågare enn forskottet eller ikkje vert betalt til rett tid. Det er difor eit vilkår for ytinga at det så langt mogleg vert fastsett eit bidrag i saka og at bidraget i tilfelle vert innkravd gjennom det offentlege for å sikre refusjonskravet for det offentlege.

Forskottet vert utbetalt til den som har den faktiske omsorga for barnet. Forskottsbeløpet vert fastsett av departementet og utgjer frå 1. juli 2013 1 080 kroner per barn per måned. Forskottet er inntektsprøvd, og forskottssatsen kan – alt etter mottakaren si inntekt – bli sett opp eller ned med ei tredjedel av normalsatsen. Høgaste satsen utgjer 1 440 kroner, medan redusert sats utgjer 720 kroner per måned per barn. Retten til forskott fell bort dersom mottakaren har ei årleg inntekt på meir enn 320 gonger fullt bidragsforskott per barn per måned (no 460 800 kroner).

Forskott vert utbetalt med eitt og same beløpet utan omsyn til alderen til barnet. Ved fastsetjinga av bidrag tek ein derimot omsyn til at kostnadene knytte til underhald av barnet er størst for dei eldste barna. I Stortingsmelding nr. 19 (2006 – 2007) om evaluering av den nye bidragsordninga vart det gjort framlegg om å auke forskottssatsane for dei eldste barna, slik at forskotteringa i noka mon skulle spegle av dei ulike kostnadene. Etter forslaget skulle forskottet for alle barn som har fylt 11 år auke med ein tredel av normalsatsen. Eit samla Storting slutta seg til dette.

2.2 Departementet si vurdering og forslag

Ved budsjettforslaga for dei einskilde åra har ein prioritert å følgje opp andre forslag frå St.meld. nr. 19 (2006–2007). Mellom anna vart inntektsgrensa for å få høgaste forskottssats auka monaleg frå 1. mai 2011. Frå same datoen vart også grensa for å bli fritaken for gebyr i saker om fastsetjing eller

endring av bidrag auka, slik at dei to grensene utgjer det same beløpet. Ved prioriteringa har ein lagt vekt på å betre økonomien for dei einslege forsørgjarane med lågast inntekt.

I tråd med dette finn departementet at forslaget frå stortingsmeldinga om auka forskott for barn som har fylt 11 år nå bør følgjast opp, men avgrensa til barn av einslege forsørgjarar som får forskott med den høgaste satsen. Forslaget i stortingsmeldinga omfatta derimot alle barn over 11 år som får forskott, dvs. også saker med ordinær eller redusert stønadssats. Ved den prioriteringa som no er gjort, er det lagt vekt på å sikre dei som treng det mest og dermed betre økonomien til dei einslege forsørgjarane med lågast inntekt. Grensa for å få forskott med høgaste sats er fastsett i forskotteringslova § 5 første leddet tredje punktu- met:

”Forhøyet forskott ytes dersom mottakeren ikkje ville ha hatt bidragsevne etter barnelova § 71 første ledd andre punktum vurdert som enslig uten barn.”

Frå 1. juli 2013 utgjer denne grensa 235 100 kroner. Departementet foreslår at satsen vert auka med ein tredel av normalsatsen for forskott (frå 1. juli 2013 1 080 kroner). Dette er den same satsauken som ein gjekk inn for i stortingsmeldinga. Satsauken vert difor 360 kroner i månaden, eller 4 320 kroner i året, per barn som har fylt 11 år. Som nemnd i punkt 2.1, er bakgrunnen for forslaget at barn vert dyrare å forsørgje etter kvart som dei blir eldre. Ved at satsauken vert avgrensa til barna med maksimal forskottssats, går auken berre til dei einslege forsørgjarane med dei lågaste inntektene og er såleis eit klårt tiltak mot fattigdom.

Departementet foreslår at reglane om auka sats vert innarbeidde i forskotteringslova § 5 som eit nytt andre ledd. Noverande andre og tredje leddet vert då nytt tredje og fjerde ledd.

I samband med denne endringa foreslår ein også ei justering i forskotteringslova § 4 tredje leddet første punktu- met, som seier at retten til forskott fell bort når mottakaren har ei inntekt som utgjer 320 gonger *fullt* bidragsforskott per barn per måned. I forskrifta om gjennomføring av reglane om inntektsprøving av forskottet er ”fullt bidragsforskott” definert som den auka satsen for mottakarane med dei lågaste inntektene (”forhøyet forskott”). Av informative omsyn bør grensa gå klårt fram av lova, slik at grensa skal vere 320 gonger ”forhøyet forskott etter § 5 første ledd tredje punktum”. Tillegget som desse mottaka-

rane vil få etter forslaget til nytt andre ledd i forskotteringslova § 5, skal ikkje reknast med her.

Etter § 6 tredje leddet kan eit barn som bur for seg sjølv setje fram krav om forskott og få det utbetalt til seg. Barnet kan få forskott på bidrag frå kvar av foreldra. Forskottet skal etter lova svare til "fullt forskott". Satsauken for barn som har fylt 11 år bør få verknad også i desse sakene. Departementet foreslår at paragrafen vert endra, slik at forskottet her skal svare til "forhøyet forskott etter § 5 første og andre ledd".

Ein viser til lovforslaget.

2.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

2.3.1 Ikraftsetjing

Departementet foreslår at lovendingane skal gjelde frå 1. juli 2014, mellom anna for å gje tid til tilpassingar i IKT-systema. Det er ikkje behov for overgangsreglar. Den auka satsen for barn som har fylt 11 år får utan vidare verknad for saker der forskott er innvilga med verknad for tidsrom før denne datoen.

2.3.2 Økonomiske konsekvensar

Det er om lag 16 500 barn over 11 år som vil kunne få auka forskott etter endringa. I kva mon dei faktisk vil få auka utbetalingar på grunn av endringa, er avhengig av storleiken på det eventuelle barnebidraget frå bidragspliktige og av om bidraget vert betalt til rett tid. I nokre tilfelle er forskottet høgare enn bidraget, og differansen vil då bli utbetalt kvar månad. Dersom bidraget ikkje vert betalt til rett tid, dersom det ikkje er nokon bidragspliktig eller dersom bidraget er sett til null på grunn av manglande økonomisk evne hos bidragspliktige, vil heile forskottsbeløpet bli utbetalt.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har rekna at forslaget vil føre til ei meirutbetaling av forskott på 48 millionar kroner på årsbasis. Meirutgifta i 2014 vert då 24 millionar kroner. Av dette reknar ein med at 20 millionar kroner på årsbasis, 10 millionar kroner i 2014, vil bli dekt inn ved refusjon frå bidragspliktige. Nettoutgifta vert då 28 millionar på årsbasis, og 14 millionar kroner i 2014. Dette er innarbeidd i budsjettforslaget for 2014.

2.3.3 Administrative konsekvensar

Den auka satsen for mottakarar med inntekt under 235 101 kroner og barn som har fylt 11 år,

gjer det naudsynt med endringar i IKT-systema, slik at påslaget kan bli implementert maskinelt. Dette vil innebære meirarbeid for Arbeids- og velferdsetaten i 2014.

3 Unntak frå medlemskap i folketrygda for norske statsborgarar som arbeider for internasjonale organisasjonar i Noreg – folketrygdlova § 2-11

3.1 Gjeldande rett – bakgrunn

Etter folketrygdlova § 2-11 første leddet skal utanlandske statsborgarar som er diplomatar eller arbeider i "mellomfolkelige organisasjonar" i Noreg ikkje vere med i folketrygda. Dette er eit unntak frå reglane om medlemskap i trygda på grunn av busetting eller arbeid i riket (§§ 2-1 og 2-2).

Det er fram til no lagt til grunn i praksis at norske statsborgarar som arbeider for internasjonale organisasjonar i Noreg skal reknast som pliktige medlemmar i folketrygda, og at det skal betalast arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift etter dei vanlege reglane om dette.

I brev 17. juni 2011 til Utanriksdepartementet hevda Dei sameinte nasjonane (FN) at norske statsborgarar som er arbeidstakarar ved Oslo-senteret til UNDP, ikkje kan påleggjast trygdeavgift på grunn av FN-konvensjonen frå 13. februar 1946 om immunitet for FN og arbeidstakarar i FN. Immuniteten omfattar også arbeidsgjevaravgift av lønnsutbetalingane til arbeidstakarane. Det vart mellom anna vist til at FN har si eiga trygdeordning, som arbeidstakarane må betale avgifter til. Avgiftsimmuniteten vart rekna å omfatte "all members of the staff of the United Nations, with the exception of those who are recruited locally and assigned to hourly rates".

Utanriksdepartementet har slutta seg til vurderinga i brevet frå FN. Utanriksdepartementet meiner at den manglande plikten til å betale avgifter også må føre med seg at dei norske statsborgarane som er arbeidstakarar hos FN ikkje får pliktig medlemskap i folketrygda, og ber i brev 10. juni 2012 til NAV Internasjonalt om at vedtaka om medlemskap i folketrygda vert gjort om.

Spørsmålet er også vurdert av Skattedirektoratet, som legg til grunn at inntekta til dei aktuelle arbeidstakarane må reknast som skattefri arbeidsinntekt etter skattelova § 5-15 første leddet bokstav c, dvs. lønn eller anna inntekt som ikkje skal skattleggjast som følgje av ein gjensidig overeins-

komst med heimel i lova om immunitet og privilegium for internasjonale organisasjonar mm. Inntekta kan såleis ikkje reknast som personinntekt etter § 12-2 i skattelova og skal ikkje leggjast til grunn for betaling av trygdeavgift, jf. folketrygdlova § 23-3.

3.2 Departementet si vurdering og forslag

Det må leggjast til grunn at det ikkje er høve til å krevje trygdeavgift eller arbeidsgjevaravgift av lønn til norske statsborgarar som arbeider ved Oslo-senteret til UNDP, jf. vurderingane i Utanriksdepartementet og Skattedirektoratet. Dette inneber samtidig at eit grunnleggjande vilkår for medlemskap i folketrygda ikkje er oppfylt. Den manglande avgiftsplikta fører mellom anna til at ein ikkje kan gje pensjonsopptening på grunnlag av arbeidsinntekta. Reelle omsyn talar difor mot pliktig medlemskap i trygda.

Departementet finn etter dette at dei nemnde arbeidstakarane hos FN ikkje kan reknast som medlemar i folketrygda etter gjeldande reglar, og har bedt Arbeids- og velferdsdirektoratet om å leggje om praksis i tråd med dette. Løysinga er også i tråd med ønsket hos dei det gjeld.

Samtidig er det klårt at norske statsborgarar i FN-verksemd i Noreg er i arbeid her og normalt er busette her, slik at dei i utgangspunktet går inn under dei vanlege reglane i folketrygdlova §§ 2-1 og 2-2 om pliktig medlemskap i trygda ved busetting eller arbeid i riket. Lova bør difor endrast, slik at unntaket frå pliktig medlemskap går direkte fram av føresegnene. Dette kan gjerast ved å ta inn eit nytt andre ledd i folketrygdlova § 2-11 om at unntaket frå medlemskap etter første leddet (utanlandske statsborgarar som er diplomatar eller arbeider for en mellomfolkeleg organisasjon) skal gjelde også for norske statsborgarar som er arbeidstakarar ved eit organ som ein mellomfolkeleg organisasjon har etablert i Noreg. Dette vil gjelde også ved arbeid for eventuelle andre internasjonale organisasjonar enn FN.

Unntaket frå medlemskap i trygda bør berre gjelde dersom og så langt ei slik ordning følgjer av ei folkerettsleg avtale som gjeld for Noreg. Til dømes gjeld skatte- og avgiftsimmuniteten for FN-personell ikkje for personar som er tilsette lokalt og vert lønna på timebasis ("recruited locally and assigned to hourly rates"), og denne gruppa vil då bli rekna som medlemar i folketrygda dersom dei vanlege vilkåra for dette er oppfylte.

I folketrygdlova § 2-11 andre leddet vert unntaket frå medlemskap i trygda for utanlandske diplomatar og tilsette ved mellomfolkelege organi-

sasjonar utvida til ektemake og barn, med mindre dei er norske statsborgarar eller forsørgjer seg sjølv ved eige arbeid. Det synest ikkje grunn til å etablere eit tilsvarande unntak for ektemake og barn til norske statsborgarar som ikkje skal vere medlemar etter forslaget til nytt tredje ledd i paragrafen. I forslaget vert det difor ikkje vist til regelen om ektemake og barn. Medlemskap for familiemedlemene må såleis vurderast ut frå dei vanlege reglane, og unntaket frå pliktig medlemskap vert eit personleg unntak for den FN-tilsette sjølv.

Ein viser til forslaget til endringar i folketrygdlova § 2-11 og til merknadene til desse endringane.

3.3 Ikrafttsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at lovendringane trer i kraft straks. Endringane gjeld eit fåtal personar og må som nemnd reknast å vere i samsvar med gjeldande rett. Dei vil ikkje verke inn på utgiftene eller inntektene til folketrygda, og det er ikkje naudsynt med overgangsreglar. Administrativt er det ein fordel at reglane vil gå klårt fram av lova.

4 Oppheving av ordninga med brukarkontaktar for einsleg far eller mor

4.1 Gjeldande rett – bakgrunn

Ordninga vart innført i samband med innskjerpinga av overgangsstønaden i 1998, som eit tilbod til einslege mødrer og fedrar. Brukarkontakten skulle vere eit bindeledd mellom dei offentlege etatane og personar som får stønader til einsleg mor eller far. Ei viktig oppgåve for brukarkontaktane var å rettleie brukarar som skulle ha bistand både frå trygdeetaten og Aetat.

Folketrygdlova § 15-12 har ein særregel om utdanningsstønad til einslege mødrer og fedrar som deltek som brukarkontakt i oppfølgingsverksamheit for å kvalifisere og stimulere til arbeid og utdanning. Brukarkontaktar får kompensasjon for arbeidet i form av utdanningsstønad. Stønaden vert gjeve for 12 månader om gongen, men ikkje ut over 24 månader. Ein dag i veka skal brukast til kontaktarbeid og ein dag til studiar.

4.2 Departementet si vurdering og forslag

Behovet for brukarkontaktar er ikkje det same etter at Arbeids- og velferdsetaten blei oppretta,

og ordninga med brukarkontaktar blir nesten ikkje brukt. Departementet ser ikkje lenger behov for ordninga og i eit høyringsnotat som blei sendt ut 11. mars 2013, foreslo departementet difor å avvike ordninga med brukarkontaktar. Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til forslaget om å avvike ordninga.

Departementet foreslår etter dette at reglane om brukarkontaktar i folketrygdlova §§ 15-6 åttande leddet, 15-8 første leddet og 15-12 femte leddet vert oppheva.

4.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2014, og at det vert gitt overgangsreglar for dei som er brukarkontaktar på ikraftsetjings-tidspunktet.

Endringa vil ikkje ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

5 Endra avkortingsreglar og nivå på overgangsstonaden

5.1 Gjeldande rett – bakgrunn

Årleg overgangsstonaden utgjer to gonger grunnbeløpet (G). Overgangsstonaden vert i dag skattlagt som pensjonsinntekt, dvs. med låg trygdeavgift og lågt minstefrådrag. Mottakarar av overgangsstonaden vert skattlagt etter skatteavgrensingsregelen viss det gir lågare skatt enn etter dei ordinære reglane. I forslaget til statsbudsjett for 2014 er det lagt opp til at skattereglane skal endrast slik at overgangsstonaden skattleggjast som lønsinntekt for nye stonadsmottakarar frå 1. april 2014. Dette er i tråd med korleis dei andre korttidsyttingane vert skattlagt, og vil gi betre insentiv til arbeid for mottakarar av overgangsstonaden. Sjå også omtale i Prop. 1 LS (2013-2014) Skatter, avgifter og toll 2014.

5.2 Departementet si vurdering og forslag

Skatteendringa gir noko mindre utbetalt stonad for personar med lita eller inga inntekt ved sida av overgangsstonaden. For å kompensere for dette, foreslår departementet å auke overgangsstonaden frå 2 G til 2,36 G for dei som vert omfatta av skatteendringa. Ei auke i overgangsstonaden på 0,36 G

vil sikre at stonadsmottakarane ikkje får lågare utbetalt stonad som følgje av endringane i skattereglane.

Etter folketrygdlova § 15-9 vert overgangsstonaden redusert dersom den einslege mora eller faren har ei årleg arbeidsinntekt på meir enn 0,5 G. Overgangsstonaden vert i dag redusert med 40 prosent, dvs. 40 øre for kvar krone den einslege mora eller faren tener ut over det halve grunnbeløpet. Overgangsstonaden vil i dag falle heilt bort om den einslege moren eller faren har ein arbeidsinntekt på 463 122 kroner.

Når stonadsnivået vert auka til 2,36 G, vil retten til overgangsstonad, med gjeldande avkortingsreglar og dagens G, først falle bort når den einslege mora eller faren har ein arbeidsinntekt på 538 906 kroner. Ved å endre avkortingsreglane til 47,2 prosent, vil overgangsstonaden framleis falle bort ved ein inntekt på 463 122 kroner. Dermed vil også dei som har arbeid ved sidan av overgangsstonaden, komme om lag likt ut som i dag. Ei slik endring i avkortingsreglane, saman med ei auke i overgangsstonaden på 0,36 G, gjer at reglane for kor mykje ei einsleg mor eller far kan tene og likevel få overgangsstonad vert vidareført. Endringa i avkortingsreglane vil berre gjelde for dei som får ein overgangsstonad på 2,36 G, og vil gje små endringar i utbetalt stonad for dei som får overgangsstonad.

Departementet foreslår at folketrygdlova §§ 15-7 og 15-9 endrast i tråd med dette. Ein viser til lovforslaget.

5.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar.

Endringane trer i kraft 1. april 2014, og vert gjort gjeldande for nye tilfeller. For einsleg mor eller far som har søkt og fyller vilkåra for overgangsstonad før regelendringa trer i kraft, skal noverande reglar gjelde fram til 1. januar 2017.

Endringa av nivået på overgangsstonaden vil gje ei auke på om lag 88 millionar kroner over folketrygda sitt budsjett i 2014, medan endringa av avkortingsreglane vil gje ei innsparing på om lag 28 millionar kroner over folketrygda sitt budsjett i 2014.

Endringane inneber at Arbeids- og velferdsetaten må handtere to sett med avkortingsreglar for overgangsstonaden i tre år. Det er ikkje mulig å fastslå dei administrative kostnadene dette vil ha.

6 Oppheving av rapporteringsplikt ved oppretting av arbeidsmiljøutval

6.1 Innleiing og bakgrunn

Eit av formåla med arbeidsmiljølova er å leggje grunnlaget for at arbeidsgjevar, saman med arbeidstakarane i verksemda, sjølv skal kunne ivareta og utvikle arbeidsmiljøet på eigen arbeidsplass. Til hjelp i dette arbeidet er det mellom anna etablert ordningar med verneombod og arbeidsmiljøutval, jf. arbeidsmiljølova kapittel 6 og 7.

Etter § 7-1 tredje leddet i arbeidsmiljølova har arbeidsgjevar plikt til å sende inn melding til det lokale arbeidstilsynet når arbeidsmiljøutval er oppretta. Departementet har fått innspel, mellom anna frå Arbeidstilsynet, om at denne rapporteringsregelen er overflødig. For det første opplyser Arbeidstilsynet at det er få verksemdar som faktisk melder inn at arbeidsmiljøutval er oppretta. For det andre opplyser Arbeidstilsynet at dei ikkje gjer bruk av opplysningane når dei vert innmeldte. Arbeidstilsynet får dei opplysningane som ein treng gjennom si ordinære tilsynsverksemd, og meiner difor at rapporteringsplikta i § 7-1 tredje leddet kan opphevast.

6.2 Departementet si vurdering og forslag

Arbeidstilsynet opplyser at dei ikkje har praktisk bruk for melding etter arbeidsmiljølova § 7-1 tredje leddet. Arbeidsdepartementet meiner at rapporteringsplikter som ikkje tener ei klår hensikt, bør fjernast frå lova. Departementet foreslår difor at ein opphevar plikta for arbeidsgjevar til å rapportere til Arbeidstilsynet om at arbeidsmiljøutval er oppretta. I den grad Arbeidstilsynet har behov for slike opplysningar, vil dei bli henta inn i den ordinære tilsynsverksemda.

6.3 Ikrafttsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at lovendinga trer i kraft 1. januar 2014. Endringa vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Verksemdene blir fritekne for kostnader ved at gjeldande rapportering vert oppheva.

7 Merknader til dei einskilde paragrafane

7.1 Merknader til endringane i forskotteringslova

Til § 4 tredje leddet

Endringane inneber ei presisering av grensa for bortfall av retten til forskott. Slik føresegna lyder i dag, fell forskottsretten bort når mottakaren har ei inntekt høgare enn 320 gonger *fullt* forskott. I forskrift etter lova er "fullt forskott" presisert til 320 gonger "forhøyet forskott", dvs. forskott etter lova § 5 første leddet tredje punktumet. Etter endringsforslaget vil dette gå direkte fram av lova.

Til § 5

Nytt andre ledd inneber at mottakarane av forskott med auka sats ("forhøyet forskott") får eit tillegg for kvart barn over 11 år som dei forsørgjer. Tillegget skal svare til ein tredel av normalsatsen. Som følgje av det nye andre leddet, vert noverande andre og tredje ledd nye tredje og fjerde ledd.

Til § 6 tredje leddet

Barn som bur for seg sjølv, kan få forskott på bidrag frå kvar av foreldra. Etter endringa skal forskottet i slike tilfelle svare til "forhøyet forskott etter § 5 første og andre ledd", slik at satsauken for barn over 11 år også får verknad for desse barna.

7.2 Merknader til endringane i folketrygdlova

Til § 2-11

Nytt tredje ledd i paragrafen slår fast at norske statsborgarar som arbeider for en internasjonal organisasjon i Noreg, ikkje skal vere med i folketrygda. Vilåret er at grunnlaget for dette følgjer av ein internasjonal overenskomst som er bindande for Noreg. Eit slikt grunnlag vil i regelen vere at overenskomsten gjer unntak frå plikta til å betale trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift av lønna til arbeidstakaren. Eit slikt grunnlag er til stades for tilsette ved Oslo-senteret til UNDP, men ikkje når arbeidstakaren er tilsett lokalt og vert lønna på timebasis. Departementet er ikkje kjent med at unntak i praksis er aktuelt for tilsette i andre organisasjonar enn FN.

Andre leddet i paragrafen gjeld ektemake og barn til utanlandske diplomatar og tilsette ved

internasjonale organisasjonar, dvs. personar som har unntak frå trygda etter første leddet i paragrafen. Ektemake og barn til desse personane skal i utgangspunktet heller ikkje vere med i trygda. Denne føresegna vert ikkje gjort gjeldande for ektemake og barn til norske statsborgarar som får unntak frå trygda etter forslaget til nytt tredje ledd. Trygdetilhøva for familiemedlemene vil såleis følgje dei vanlege reglane i lova.

Til § 15-6 åttande leddet

Åttande ledd vert oppheva som følgje av at ordninga med brukarkontakt blir avvikla. Noverande niande leddet vert då nytt åttande ledd.

Til § 15-7

Stønaden vert auka for å kompensere for endringar i skattereglane.

Til § 15-8 første leddet

Endringa inneber at noverande bokstav e vert oppheva som følgje av at ordninga med brukarkontakt blir avvikla.

Til § 15-9 andre leddet

For at dei som har arbeid ved sidan av overgangsstønaden skal komme om lag likt ut etter endringa

i nivået på stønaden, vert avkortingsreglane endra slik at overgangsstønaden skal reduserast med 47,2 øre for kvar krone den einslege mora eller faren tener ut over 0,5G.

Til § 15-12 femte leddet

Femte ledd vert oppheva som følgje av at ordninga med brukarkontakt blir avvikla. Noverande sjette leddet vert då nytt femte ledd.

7.3 Merknader til endringane i arbeidsmiljølova

Til § 7-1 tredje leddet

Endringa inneber at første punktumet vert oppheva som følgje av at rapporteringsplikta ved oppretting av arbeidsmiljøutval fell bort.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i forskotteringsloven, folketrygdloven og arbeidsmiljøloven (samleproposisjon hausten 2013).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i forskotteringsloven, folketrygdloven og arbeidsmiljøloven i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i forskotteringsloven, folketrygdloven og arbeidsmiljøloven

I

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott skal desse endringane gjerast:

§ 4 tredje ledd skal lyde:

Retten til forskott faller bort dersom inntekten til den som har rett til å motta forskott på vegne av barnet overstiger 320 ganger *forhøyet* bidragsforskott per barn per måned *etter § 5 første ledd tredje punktum*. Departementet gir forskrift om hva som skal regnes for forskottsmottakers inntekt.

§ 5 nytt andre ledd skal lyde:

For personer som mottar forhøyet forskott, skal forskottet for hvert barn som har fylt 11 år økes med en tredjedel av forskottsbeløpet etter første ledd første punktum.

§ 5 noverande andre og tredje ledd vert nye tredje og fjerde ledd.

§ 6 tredje ledd skal lyde:

Dersom forholdene i den enkelte sak tilsier det, kan barn som bor alene selv sette fram krav om forskott og få det utbetalt til seg. Det kan da ytes forskott på bidrag fra hver av foreldrene, svarende til *forhøyet* forskott *etter § 5 første og andre ledd*.

II

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal desse endringane gjerast:

§ 2-11 nytt tredje ledd skal lyde:

Bestemmelsene i første ledd gjelder tilsvarende for en norsk statsborger som er arbeidstaker i en mellomfolkelig organisasjon i Norge, så langt grunnlaget for en slik ordning følger av en folkerettslig avtale som Norge er bundet av.

§ 15-6 åttande ledd vert oppheva. Noverande niande ledd vert nytt åttande ledd.

§ 15-7 skal lyde:

Årlig overgangsstønad utgjør 2,36 ganger grunnbeløpet

§ 15-8 første ledd skal lyde:

Når det yngste barnet har fylt ett år, er det et vilkår for rett til overgangsstønad etter § 15-6 andre ledd at den enslige moren eller faren enten

- a) er under utdanning som utgjør minst halvparten av utdanning på full tid,
- b) er i arbeid som utgjør minst halvparten av full tid,
- c) er tilmeldt Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeidssøker, se § 4-5 og § 4-8 første, andre og tredje ledd, *eller*
- d) etablerer egen virksomhet, se § 4-6 tredje ledd.

§ 15-9 andre ledd skal lyde:

Overgangsstønaden skal ikke reduseres hvis arbeidsinntekten på årsbasis er mindre enn halvparten av grunnbeløpet. Stønaden reduseres med 47,2 prosent av inntekt over halvparten av grunnbeløpet.

§ 15-12 femte ledd skal opphevast. Noverande sjetzte ledd vert nytt femte ledd.

III

I lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. skal § 7-1 tredje ledd første punktum opphevast.

IV

1. Endringane i folketrygdloven § 2-11 trer i kraft straks.
2. Endringane i folketrygdloven §§ 15-6, 15-8 og 15-12 og i arbeidsmiljøloven § 7-1 trer i kraft

1. januar 2014. Departementet kan gje forskrifter om overgangsreglar til endringane i folketrygdlova.
3. Endringane i folketrygdlova §§ 15-7 og 15-9 trer i kraft 1. april 2014, og vert gjort gjeldande for nye tilfeller. Frå 1. januar 2017 vil
- endringane gjelde alle som får overgangsstønad. Departementet kan gje forskrifter om overgangsreglar.
4. Endringane i forskotteringsloven trer i kraft 1. juli 2014.
-
-



Trykk: A/S O. Fredr. Amesen. Oktober 2013

241/491